



Om meldingar og varslingar

Kva kan vi gjere når vi møter utfordringar på arbeidsplassen?

Vi må alle rekne med å kome opp i situasjonar på arbeidsplassen som kan vere ubehagelege, vanskelege, eller fårlege. Føremålet med HMT-arbeidet er dels å forebyggje at slike situasjonar oppstår, og dels å sjå til at eventuelle negative konsekvensar av slike situasjonar vert så små som mogleg.

Eit viktig bidrag til dette er å syte for at desse situasjonane vert gjort kjende for dei som har ansvar for HMT-arbeidet hos oss. Det vil i første rekkje seie leiarar og verneombod, men også tillitsmannsapparatet til fagorganisasjonane er viktige ressursar her.

Vi kan gjere situasjonane kjende ved å nytte oss av meldingar eller varslingar. For å sikre at slike vert handsama på ein ryddig måte, må dei liggje føre skriftleg. I denne samanhengen nyttar vi desse to omgrepa slik :

Meldingar er knytte til einskildhendingar. Vi melder frå om ei uynskt, ulovleg eller fårleg hending. Ved å beskrive hendinga bidreg vi til at dei som har ansvar for det, kan minske negative konsekvensar av henne, til dømes ved å syte for at det vert gitt erstatning. Vi bidreg også til at ein lettare kan treffe tiltak for å hindre at slike hendingar skjer på ny.

Det er utarbeidd faste rutinar for handsaming av meldingssaker. Desse skal munne ut i at meldar får ei orientering om korleis saka er handsama, og eit eventuelt tilbod om erstatning.

Det kan tenkjast at ein under handsaminga av ei meldingssak finn ut at det er ynskjeleg eller naudsynt å sjå nærare på tilhøve i tilknytning til hendinga, til dømes praktiseringa av reglar og rutinar på arbeidsplassen. Dette vert i så fall å sjå på som ei ny og sjølvstendig sak, som meldar ikkje har spesiell innsynsrett i.

Varslingar er knytte til tilhøve som går over tid. Det kan dreie seg om at arbeidet er tilrettelagt på ein måte som er i strid med lover og forskrifter for arbeidet. Det kan også dreie seg om einskildpersonar eller grupper som opptre på ein slik måte at det er til ulempe eller fåre for kollegaer eller brukarar, eller i strid med gjeldande lover og forskrifter for arbeidet.

Av di varslingar kan omhandle problemstillingar knytt til einskildpersonar, er det viktig at varslingane vert handsama på ein ryddig og ansvarleg måte. Masfjorden kommune har utarbeidd detaljerte reglar for varsling. Desse beskriv korleis ei varsling vert fremja, og korleis varslinga vert handsama.

Inntil vidare må ein nytte papirskjema ved melding og varsling. Desse skjema ligg som pdf-filer på kommunen sitt vevområde for HMT-arbeid, og kan lastast ned og skrivast ut derfrå. Det vert arbeidd med å lage elektroniske skjema for dette.

